

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato: 13.06.2017
Vår ref.: 2014/673-329
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Kulturminneplanarbeid i Hordaland 2017 - Underretting om tildeling til Austrheim kommune

Det vert vist til dykkar søknad dagsett 07.04.2017 om tilskot til kulturminneplanarbeid i 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 16.05.2017, sak 75/2017.

Utvalet vedtok å tildele dykk **kr 50 000,-** i tilskot til innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden.

Grunngjeving

For 2017 var det 22 søknader og kr 1.400.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 1.500.000,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Det har vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar søknad om innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden.

Vikår for tilskotet

Det vert stilt krav om:

- Deltaking på fylkeskommune sitt Askeladden-kurs hausten 2017
- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
- Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen. Fylkeskommunen tek atterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer gjennom elektronisk faktura i EHF-format:

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Ressursnr: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med **saksnummer 2014/673** og **ressursnummer 10608**. Dette må skje seinast 01.10.2017. De

har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering og kontroll

Rapporten skal sendast til hfk@hfk.no og den må merkast med **saksnummer 2014/673**.

Førebelsrapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2017

Endelig rapport og rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført, seinast 01.06.2018.

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av prosjektet og inkludere:

- Kven som har gjennomført arbeidet
- Tal på nye kulturminne/kulturmiljø som kommunen har registrert i Askeladden
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering
- Eventuelle avvik frå vilkåra eller søknadsgrunnlag med nærare grunngjeving

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.